

Kvinnheringen	◆ Hydrotal	◆ Vêret i Kvinnherad	◆ Sol og måne
SENTRALBORD: 53 48 21 30 REDAKSJONEN: 53 48 21 45 VAKTTELEFON: 53 48 21 31 ANNONSER: 53 48 21 35	23.01.2017 Valutakursar: Dollar: 7,83 kroner. Euro 9,60 kroner. Britiske pund 10,94 kr Baht 24,52 kroner LME-pris aluminium: 2.245 dollar per tonn.		VÊRET Dei neste dagane er det berre å halda seg inne. Onsdag blir det kuling og regn. Noko mindre både regn og vind torsdag. SOL & MÅNE 22. januar: Sola opp kl. 9.11, i sør kl. 12.49, ned kl. 16.26. Dagen har auka 1 t 20 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 11.03, i sør kl. 16.54, ned kl. 23.00. 23. januar: Sola opp kl. 9.10, i sør kl. 12.49, ned kl. 16.29. Dagen har auka 1 t 24 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 11.18, i sør kl. 17.40. FLO OG FJØRE 22. januar: Flo 1.58 Fjøre 7.54 Flo 14.09 Fjøre 20.27 23. januar: Flo 2.38 Fjøre 8.37 Flo 14.50 Fjøre 21.15

Bergen startar festivalen – Kvinnherad tar seg av avslutninga



FEST OG BASAR: Gurinebasaren i fjor sette ny rekord med omsyn til publikumstilstrøyming. (Arkivfoto).

For snart 21 år sidan vart Kystsogevekene stifta, og over 700.000 menneske har deltatt i åra som har gått. Festen startar kvart år i Bergen, men for første gong skal festivalen få ei skikkeleg avslutning – i Kvinnherad.

KAREN ANNA KLEPPE
karen.kleppe@kvinnheringen.no

– Kystsogevekene skal for første gong i år ha eit offisielt avslutningsarrangement, og ville leggja det til Kvinnherad, seier Ordførar Peder Sjo Slettebø.

Då Gurinebasaren i fjor hadde over 400 deltakarar, fekk fleire utover kommunegrensene augo opp for Kvinnherad, og kystlinja til kommunen, meiner Slettebø.

Dette førte til at styret i Kystsogevekene tok kontakt med Kvinnherad kommune.

– Dei ønskte at avslutninga til festivalen skulle samkøyrast med skutedagen til Gurine. Då skutedagen var ein stor suksess

i fjor, ønskte også interessela- get til Gurine å gjera dette til eit årleg arrangement, seier Slettebø.

Staseleg
Kystsogevekene er ein stor kystkulturfestival i heile 22 kommunar på Vestlandet. Den strekkjer seg heilt frå Gulen i Sogn og Fjordane, og ned til Sveio, før den i år vert avslutta i Kvinnherad.

Festivalen går av stabelen 4. august i Bergen, og endar i Rosendal 15. og 16. september. Slettebø meiner det er fleire

grunnar til at Kvinnherad er ein egna stad å avslutta ein slik fest på.

– Kvinnherad har mykje å by på, og ei kystlinje med ei omfangsrik historie. Det passar godt å starta festivalen i Bergen, og avslutta den i Kvinnherad, då det er to av dei mest stase- lege plassane i fylket, meiner Slettebø.

– Ein folkefest for alle
Aktørane har framleis ikkje planlagt arrangementet ned i detaljar, men Slettebø forsikrar eit arrangement for alle aldrar.

– Det vil bli mykje skuter, og ein del kjekke arrangement både på land og om bord. Vi ønskjer å laga ein folkefest for alle aldersgrupper, både på kaien og i bygda, seier ordfø- raren.

For kommunen vil dette bety god marknadsføring, forhå- pentleg mange tilreisande og gode opplevingar for innbyg- garane i kommunen.

– Dette er eit arrangement for heile Kvinnherad. Vi vil prøva å trekka inn nokre av dei andre kystlinjene i kommunen også, avsluttar Slettebø.